



### **Møtebok for Meland sokneråd - fellesrådssaker**

**Møtedato:** 12.01.2017

**Møtetid:** Kl 18:30

**Møtestad:** Møteplassen

#### **Til stade:**

Synnøve Kårstad Ryland, Regine Sagstad Berg, Torbjørn Aamli, Sølvi Norunn Gripsgård Knudsen, Per Audun Heskestad, Andreas Westermoen, Brigt Roar Skeie, Bent Gunnar Næss, Ingunn Reigstad.

#### **Meldt forfall:**

Andreas Sagstad Berg.

Frå administrasjonen møtte Anne Sofie Nergård Uthaug.

#### **Innkalling, saksliste og sist møtebok:**

Innkalling og saksliste vart godkjent. Møtebok frå møte 01.12.16 vart godkjent.

#### **Meldingssaker:**

##### **Sak 000001 Søknader til trusopplærarstillinga**

Kyrkjeverja orienterer om søknadane som har komne inn. Viss soknerådet vil gje administrasjonsutvalet fullmakt til å gjennomføre tilsetjinga må saka setjast opp som vedtakssak.

Soknerådet set opp ekstraordinært møte for tilsetjing 31.01.17 og administrasjonsutvalet arbeidet med intervju og innstilling fram mot dette møtet.

##### **Sak 000002 Rekneskapsrapport 2016.**

Det vert også orientert om økonomisk resultat av jubileumsåret, gåver til konsertpiano og ombygginga på kontoret.

Det bør vurderast PR-tiltak for å få meir støtte til jubileumsboka og fullfinansiering av pianoet (20.000 gjenstår). Totalt jubileumsrekneskap er ikkje klart enno.

##### **Sak 000003 Orientering om stabssituasjonen**

Det må skaffast vikar i konfirmantarbeidet og til trusopplærerstiltak i vakansen før tilsett i trusopplærarstillinga er på plass. Junji Furukawa tek ut ferie i januar-februar.

##### **Sak 000004 Orientering om møte om nytt felles kyrkjeblad.**

Det var møte om felles kyrkjeblad 10.01 og det vart lagt konkrete planar om redaktør, redaksjonsarbeid og dei første utgjevingane med meir. Maria Sæle har sagt ja til å vere med i lokal redaksjon, og vi treng ein til person.

##### **Sak 0000 Kyrkjekaffiarrangement 22.01.**

Det blir utvida kyrkjekaffi på Nordgardsløa etter gudstenesta (med vigslig av diakon og avskjedsmarkering for undervisningsprest). Det blir spurt (mellan anna soknerådet) om å ta med påsmurte rundstykke eller kaker.

##### **Sak 0000 Info om vedtak i økonomiplanen og budsjett på kommunestyremøte 14.12.**

Det vart sett av pengar på kommunens økonomiplan til bygging av kyrkje/kulturygg og på budsjettet til planlegging.



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

## Sak 001/17 Budsjett, drift og investering 2017

### Forslag til vedtak:

Budsjettvedtaket blir utsett til ekstraordinært møte. Soknerådet ber om at det vert lagt fram eit budsjett i balanse.

### Møtebehandling:

Det vart drøfta ei rekkje tiltak for å få ned kostnadene og få opp inntektene. AU og kyrkjeverje vart bedne om å sjå nærrare på tiltak og kome tilbake med nytt budsjettframlegg i balanse.

### Vedtak:

Budsjettvedtaket blir utsett til ekstraordinært møte. Soknerådet ber om at det vert lagt fram eit budsjett i balanse. Samrøysta vedtak.

## Sak 002/17 Nye festeavgifter på kyrkjegarden

### Forslag til vedtak:

- Meland sokneråd gjer framlegg om følgjande festeavgifter frå januar 2017:

400 kroner pr år for kistegrav

300 kroner pr år for urnegrav

800 kroner pr år for graver eldre enn 60 år

Reservasjon/festeavgift 20 år for ledig grav i dobbelgrav: kr 8000

Soknerådet meiner at festeavgiftene bør gradvis auke kvart år til ein er på nivå med kommunar i regionen det er naturleg å samanlikne seg med.

- Det blir årleg fakturering av festeavgift

### Møtebehandling:

Det vart drøfta om ein bør gå tilbake til 5-årleg fakturering, men soknerådet ønskjer å halde på årleg fakturering. Det bør kome eit brev med tilbod om gjenfeste i forkant av faktura.

### Vedtak:

Samrøysta vedtak.

For Meland sokneråd - fellesrådssaker

Anne Sofie Nergård Uthaug  
Kyrkjeverje